

Sak 9.3: Avvikling av 'IL Solid hovedlag'

Bakgrunn

IL Solid har to organisasjonsnummer. Eit tilhøyrer Idrettslaget Solid (983839509), medan det andre tilhøyrer IL Solid Hovedlag (974468875). Desse har vore registrert i einingsregisteret sidan 2001 og 1995.

Styret ser per i dag ingen grunn til at idrettslaget skal vera registrert som to organisasjonar. I dag er alt av idrettsaktivitet registrert i Idrettslaget Solid, men bankkontoane er registrert i IL Solid Hovedlag. Internt i klubben er det ingen skilnad på dei to organisasjonane og det er til tider utfordringar knytta til at det eksisterer to ulike organisasjonsnummer. Det vert ikkje utarbeidd eigne rekneskap for dei to organisasjonane.

Sjølv om IL Solid Hovedlag vart først registrert i einingsregisteret er det Idrettslaget Solid (983839509) sitt organisasjonsnummer som bør leve vidare, sidan grasrothandelen, klubbadmin mm. er knytta opp mot denne organisasjonen.

Forslag til vedtak

Styret i IL Solid får høve til å gå i gang med å avvikle organisasjonsnummeret til IL Solid Hovedlag (974468875). For å sikre ein ryddig prosess skal det gjennomførast ein ryddig avviklingsprosess, der det mellom anna vert utarbeidd ei oversikt over eventuelle egedelar og forpliktelsar i IL Solid Hovedlag, og eventuelt overfører desse til Idrettslaget Solid (983839509).

Om det i løpet av avviklingsprosessen vert identifisert negative, økonomiske konsekvensar, eller framtidig meirarbeid for 'Idrettslaget Solid', 'Stiftinga Solidhuset' eller 'Solidhuset drift', skal det kallast inn til nytt, ekstraordinært årsmøte før slettinga vert registrert i Brønnøysundregisteret.